



Spreke Uskedalsdamer tok både 1. og 3.plass.

Med nett i underkant av 50 deltagende lag vart årets Trio-stafett ein skikkeleg opptur frå dei føregåande åra. Godt førebuingsarbeid frå arrangørlaget hadde smitta over på arbeidet i deltakarlag, og dermed var alle idrettslaga i fastlands-Kvinnherad godt representert på deltakarlista. Uskedal idrettslag stilte med heile 9 lag i år



[Det gode jentelaget i 14-16klassen i oppvarming](#)

Etter nokre labre år valde arrangørane berre å senda invitasjon til Kvinnheradslaga i år. Likevel stilte Bergenslaget Norna Salhus med to lag, både gute- og jentelag i årsklasse 10-13 år. Bakgrunnen for dette var at dei to eldste døtrene til utflytt uskedeling Øyvind Sunde, Maja og Stina, sprang på jentelaget. Begge laga kom inn til flotte 2.plassar. Dette klarte dei trass i at ein løpar på gutelaget vart skada, og dermed måtte same løpar springa både 1. og 3. etappe.

Norna Salhus-gjengen hadde hatt eit par fine dagar i Uskedalen. Dei budde i gamlehuset til Olga og Harald Sunde. Søndag hadde dei ein flott tur til Storhaug før dei avslutta turen med sjøbad. Dei hadde også vore på kunstgrasbanen og spelt fotball mot lokale ungdommar, noko som dei syntes var skikkeleg kjekt.

- Vi har hatt supre dagar med full gass heile tida, kunne Øvind Sunde fortelja.



Denne gjengen frå Norna Salhus hadde flotte dagar i Uskedalen og på Trio-stafetten.

I det strålende veret med den gode deltakinga vart Trio-stafetten den festen som dei dyktige arrangørane fortente. Flott innsats var det over heile linja, og det var mange gode prestasjonar. I tillegg til at Uskedal stilte med 9 lag, var det også uskedelingar på fleire andre lag. Både Team helse, Palfinger og Rosendal hadde uskedelingar i oppstillinga. I tillegg stilte bufelleskapa på Stølen, i Herøysundet og på Valen lag med 2 løparar frå kvar bustad. Desse tok ein flott 3.plass i 14-16.årsklassen.

Damene til Uskedalen imponerte stort. Berre få meter skilde dei frå dobbelsiger, men det vart 1. og 3.plass til slutt. Det gode jentelaget i 14-16 årsklassen imponerte. Kanskje leverte dei beste lagprestasjon, men dei var dessverre åleine i klassen. Desse jentene er så gode at dei burde reist litt ut for å få konkurranse. Elles gjorde alle ein framifrå innsats, og nokre sprekingar sprang to etappar for å fylla opp laget i mix-klassen.

Det vart ein strålende dag i Husnes idrettspark. Like før slutt var det tomt for det meste i kiosken. Eit bevis på at folk kosa seg!

Resultat og svært mange fine bilde frå festen finn de på [UJL](#) og [IL Trio](#) sine heimesider..



Rekruttlaget var kjempeglad for medaljane.



Gutar frå Afghanistan og Syria gjorde flott innsats.



Ingrid Klyve leverer stafettpinnen til Anna Elisabeth S. Eik.



I gitar 10-13 hadde Uskedal to jamne gode lag. Disse kom først i mål og vart nr.3

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.